



Åkra kyrkje

Søndagskvelden var om lag 40 personar samla til Anders Hovden-kveld i Åkra kyrkje. Hans Olav Tungesvik, Oddrunn Berge, Lars E. Tjeldflåt og Uskedal Musikklag bidrog på kvar sine måtar til at tilhøyrarane etter vel ein times program, hadde fått eit betre kjennskap til den store diktarpresten frå Møre.

Hans Olav Tungesvik fortalde om den allsidige, populære og litt 'uvørne' presten og dikteren som vart fødd på Ørsta i 1860. Gjennom sitt aktive liv vart han godt kjend utover i landet gjennom prestegjeringa si, som diktar og som ein mykje brukt talar m.a. på mållags- og ungdomslagsstemne som samla tusenvis av tilhøyrarar. Gjennom heile prestegjeringa var han trufast mot nynorsken sjølv om han vart kalla til prestegjering i dei tjukkaste bokmålsdistrikt; - og han vart og ein like populær og respektert prest for bokmålsfolket.

Nytt for dei aller fleste tilhøyrarane var det nok at Hovden hadde ei spesiell tilknytning til Kvinnherad. Som tenåring fekk han høyre om ein prest i Kvinnherad som hjelpte ungdommar med å lese artiumsfag. Dette resulterte i at han tilbragte ein vinter i kommunen vår før han byrja å studera ved Studentfabriken i Christiania som nittenåring.

Vinteren i Kvinnherad budde han saman med ein annan kjend salmediktar, Bernt Støylen. Desse to stod saman med Hognestad seinare i brodden for å få utgeve Nynorsk Salmebok. Denne salmeboka inneheldt heile 128 salmar av Anders Hovden. Dette fortel noko om hans imponerande salmeproduksjon. Denne salmeboka vart for nokre år sidan avløyst av Norsk Salmebok. I denne finn 23 sjølvskrivne og 16 omsette salmar som vart ført i pennen av Hovden. Kyrkjelyden i Åkra song søndagskvelden 10 salmar av den store salmediktaren; - vekselvis akkompagnert av organist Lars Erik Tjeldflåt og Uskedal Musikklag.

Tilhøyrarane fekk og stifta bekjentskap med andre sider ved det allsidige forfattarskapet til Hovden. Oddrunn Berge framførte to av han mest kjende dikt m.a. 'Handa hans far min'.

Etter at programmet vart avslutta med at kyrkjelyd, organist og musikklag framførte Hovden sin aller mest kjende salme 'Fagert er landet', overrekte Åkra Sokneråd ved Marit Årthun blomar til Hans Olav Tungesvik, organist Tjeldflåt og musikklagsdirigent Mangnhild Haugland.

Etter at programmet var slutt, fekk dei tilreisande gjestene god servering med rundstykke, saft og kaffi.



Bjørgulv Eik og Marit Aarhun ser over programmet